



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2015 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 971 369 205
Organisasjonsform: Organisasjonsledd
Foretaksnavn: SUNNMØRE FRILUFTSRÅD
Forretningsadresse: Kongshaugstranda 105
6037 EIDSNES

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2015 - 31.12.2015

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Trude F Sjøholt
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 30.06.2016

Grunnlag for avgivelse

År 2015: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2014: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2015

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 05.09.2020



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2015	2014
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt	1	1 331 513	1 488 732
Annen driftsinntekt	1	3 714 928	2 623 416
Sum inntekter		5 046 441	4 112 148
Kostnader			
Varekostnad		1 798 538	1 076 765
Lønnskostnad	2	2 162 305	2 053 631
Annen driftskostnad	3,4	1 048 988	996 909
Sum kostnader		5 009 831	4 127 305
Driftsresultat		36 610	-15 157
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		18 343	24 837
Annen finansinntekt			37 146
Sum finansinntekter		18 343	61 983
Annan rentekostnad		379	579
Sum finanskostnader		379	579
Netto finans		17 965	61 405
Ordinært resultat før skattekostnad		54 575	46 247
Ordinært resultat etter skattekostnad		54 575	46 247
Årsresultat		54 575	46 247
Annen egenkapital			



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2015	2014
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lign.		402 605	350 325
Sum varige driftsmiddel		402 605	350 325
Finansielle anleggsmiddel			
Egenkapitalinskudd KLP		9 339	5 069
Sum finansielle anleggsmiddel		9 339	5 069
Sum anleggsmiddel		411 944	355 394
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringer		152 395	59 639
Andre fordringer	4	562 725	390 245
Sum krav		715 120	449 884
Bankinnskott, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		751 103	1 503 023
Sum bankinnskott, kontantar og liknande		751 103	1 503 023
Sum omløpsmiddel		1 466 223	1 952 907
SUM EIGEDELAR		1 878 167	2 308 301
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2015	2014
Opptent egenkapital			
Annen egenkapital		947 050	892 476
Sum opptent egenkapital		947 050	892 476
Sum egenkapital		947 050	892 476
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		272 716	174 234
Skyldige offentlige avgifter		185 665	146 039
Annen kortsiktig gjeld		472 736	1 095 552
Sum kortsiktig gjeld		931 116	1 415 826
Sum gjeld		931 116	1 415 826
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 878 167	2 308 301



Noter til Årsregnskap 2015
Friluftsrådet for Ålseund og omegn

Note 1

konto	Salgsinntekt
	3231 Andre Fylkeskom adm. tilskot
	3323 Prosjekt Skred
	3326 Kommunale tilskot
	3330 Andre inntekter
	3335 Salg skikompis mva fritt
	3336 Salg skikompis mva plikitg
	3337 Salg T-skjorter div
	3340 Kursavgift / deltageravgift
	3371 Naturlos
	3373 Prøve på Ung
	3374 Utstyrbase
	3376 Læring i Friluft
	3377 Folkehelse
	3378 Stikk Ut .no
	3379 Friluftsskule
	3395 Klart det går
	sum

Inntekter / Tilskudd

3200 Medlemskontingenter
3205 Adm Tilskot
3210 Tilskot sikra område
3230 Adm tilskot Fylkeskommunen
3240 Spelemidler tilrettelegging
3321 aktivitetstiltak
3324 Tilskudd FL
3900 Andre driftsinntekter
sum

Note 2

Lønnskostnad
5000 Lønn



5020 Ferielønn
5090 Periodiseringskonto Lønn
5210 Telefongodtgjørelse
5250 Inberette Kollektiv Pensjon
5292 Motkonto tlf pliktig
5295 Motkonto koll pensjonsforsikring
5296 Pensjonstrekk tilsette
5310 Bilgodtgjørelse skattepliktig
5311 Bilgodtgjørelse avg pliktig
5331 Leder og møtegodtgjørelse
5400 Arbeidsgiveravgift
5420 Pensjonskostnad
5801 Ref Sykelønn
5980 Yrkesskadeforsikring
5990 Andre personalkostnader
sum

NB Styrehonorar påløpt 2015kr 45250,-
(dette ligg inne i konto 5090)

Note 3

Annen Driftskostnad

6300,6500,6501 Drift Friluftsrådet
6400-6431-6440 Leasing
6520/6521 Kostnader Arbeidsbåt og varehenger
6540,657 Kontorutstyr arb kær verneutstyr
6700-6705 Regnskap , revisjon, konsulent
6800-6840,6940 Div kontorkostn, porto
6900 Telefon / ADSL
7000-7140 Drivstoff vedl. Bil gbilgodtgjørelse, reise
7410 Kontingenter fl
7500 Forsikringer
7710 Møter kurs faglitt.
7300,7320,7710-77 Div andre kostnader
sum

NOTE 4

Note 4

Selskapet har inngått leasingavtale med SG Finans om leige av beitepusser Irus De.
Leasingavtale ble inngått 01.09.15 og løper over 60 mnd .



Friluftsrådet har også leasing avtale vi Santander Consumer Bank om leasing

Disse avtalene ble ingått i april 2013 og løper også over 5 år.

6440 Leasingkostnad Irus Beitepusser

6401 Leasingkostnad UF 57602

6431 Lesingkostnad UF 57602

1700 Forsk bet leie



1331513

28 259

5170

129941

38833

12020

53840

45101

201361

157000

50 000

99 000

157 488

291 000

52 500

10 000

1 331 513

3 714 928

1046928

415000

1028000

184000

426000

500000

85 000

30000

3714928

2162305

1634142



198020
-30037

206707

-206707
-31388
2850
-2850

268068,7
238095
-140418
25328
495
2162306

1048988

245647
128191
41773
11941
88800
74465
56778
92835
51204
70493
65749
121112
1048988

ltrak 2.0 2011-modell.



av to biler som brukes i drift.

23510

49198

49198

14026



Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
i Møre og Romsdal IKS

Til årsmøtet i
Friluftsrådet for Ålesund
og omland

FRILUFTSRÅDET FOR ÅLESUND OG OMLAND - REVISORS BERETNING 2015

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Friluftsrådet for Ålesund og omland som viser et overskudd på kr 54 575,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2015 og resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne dato, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvise bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder Internasjonal Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurdering av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for organisasjonens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettvise bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke gi uttrykk for en mening om effektiviteten av organisasjonens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsipper er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvise bilde av den finansielle stillingen til Friluftsrådet for Ålesund og omland per 31. desember 2015 og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne dato i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Postadresse
Postboks 7734 Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Besøksadresse
Lerstadvegen 545, 4. etg.

E-postadresse
komrev3@komrev3.no

Telefon
70 17 21 50

Telefaks
70 17 21 51

Bankkonto
8540 05 00465

Foretaksregisteret
NO 971 562 587



Komrev3 IKS

2 av 2

Uttalelse om øvrige forhold


Konklusjon om årsberetningen


Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningene om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlingene vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon", mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av organisasjonens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Alesund, 9. mars 2016


Kjetil Bjørnsen
daglig leder


Randi Kalvatsvik
revisjonsrådgiver


 Friluftsrådet for Ålesund og omland

ÅRSMELDING 2015



2015 var eit år fullt av høgdepunkt. Bildet er frå eitt av dei største: Utdelinga av gåvesjekken på 1 million kroner til Stikk UT! frå Gjensidigestiftelsen på Tueneset i Ålesund 16. desember.

Foto: Hilde Hovik, Sunnmørsposten.



Årsmelding 2015

Innhald:

Side 3-6	1. Styret og administrasjonen sitt arbeid
Side 6-7	2. Sikring av område til friluftsliv
Side 7 - 9	3. Drift og skjøtsel av friluftsområde og tilrettelegging for friluftsliv
Side 10 - 14	4. Aktivitetsarbeid
Side 15 - 16	5. Økonomi – rekneskap
Side 17 - 18	Oversikt over område og egedelar
Side 19 -21	Vedtekter

Forord

Friluftsrådet har hatt eit svært aktivt år i 2015. Etablering av turregistreringskonkurransen Stikk UT!, nye nettsider, arrangement i samband med Friluftslivets år 2015 og nye turkort er berre nokre av stikkorda. Rett før jul kom beskjeden om at friluftsrådet får ein million kroner til Stikk UT! frå Gjensidigestiftelsen. Pengane skal brukast til nye turmål dei neste tre åra og betyr svært mykje for den vidare utviklinga av konkurransen.

Vebjørn Krogsæter - Haram
Styrelar

May Britt Grindvik – Skodje
Nestlar

Mariann Barstad – Sula
Styremedlem

Birger Honningsvåg – Giske
Styremedlem

Kristin Hoegh Krohn Devold – Ålesund
Styremedlem

Terje Osvik – Ørskog
Styremedlem

Palma Flåen Øvrebust – Stordal
Styremedlem

Merete Løvoll Rønneberg – Norddal
Styremedlem

Aud Sissel Suoranta – Vestnes
Styremedlem

Framsdebilde: Frå overleveringa av gåva på 1 million kroner til Stikk UT! frå Gjensidigestiftelsen. Foto: Hilde Hovik, Sunnmørsposten.

STYRET OG ADMINISTRASJONEN SITT ARBEID

Styret

Styret for perioden 1.1.2015 til 31.12.2015 har vore:

Kommune	1.1. - 23.3.2015	Verv 1.1.-23.3.2015	23.3.-31.12.2015	Verv 23.3.-31.12.2015
Haram	Vebjørn Krogsæter Ewa Hilde	Styreleiar Varamedlem	Vebjørn Krogsæter Ewa Hilde	Styreleiar Varamedlem
Giske	Birger Honningsvåg Marit G. Alnes	Styremedlem Varamedlem	Birger Honningsvåg Marit G. Alnes	Styremedlem Varamedlem
Norddal	Merete L. Rønneberg Kristin G. Sandnes	Styremedlem Varamedlem	Merete L. Rønneberg Kristin G. Sandnes	Styremedlem Varamedlem
Skodje	May Britt Grindvik Edmund Hoffseide	Nestleiar Varamedlem	May Britt Grindvik Edmund Hoffseide	Nestleiar Varamedlem
Stordal	Palma Flåen Øvrebust Hildegunn L. Berli	Styremedlem Varamedlem	Palma Flåen Øvrebust Hildegunn L. Berli	Styremedlem Varamedlem
Sula	Mariann Barstad Anita Solevåg	Styremedlem Varamedlem	Mariann Barstad Anita Solevåg	Styremedlem Varamedlem
Vestnes	Martin Kjøpstad Geir Inge Lien	Styremedlem Varamedlem	Aud Sissel Suoranta Geir Inge Lien	Styremedlem Varamedlem
Ørskog	Terje Osvik Arne Abelseth	Styremedlem Varamedlem	Terje Osvik Arne Abelseth	Styremedlem Varamedlem
Ålesund	Kristin H. K. Devold Tore Johan Øvstebø	Styremedlem Varamedlem	Kristin H. K. Devold Tore Johan Øvstebø	Styremedlem Varamedlem



Nokre av medlemmane i styret. Frå venstre framme: May Britt Grindvik, Palma Øvrebust, Mariann Barstad og Vebjørn Krogsæter. Frå venstre bak: Birger Honningsvåg og Terje Atle Osvik.

Arbeidsutvalet har i 2015 bestått av Vebjørn Krogsæter, May Britt Grindvik og Merete Løvoll Rønneberg.

Arbeidsutvalet har i 2015 gjennomført lønsforhandlingar med dei tilsette.

Styret – handsaming av saker i 2015

Styret har hatt 5 møte i løpet av året og handsama i alt 37 saker. Døme på saker som er handsama er:

- * Rekneskap, budsjett, årsmelding og arbeidsprogram m/revisjon av budsjett
- * Leige av Irus beitepussar til skjøtselarbeidet
- * Utviding av stillinga til dagleg leiar til 80%
- * Eit eventuelt namneskifte på friluftsrådet

Årsmøte 2015



Årsmøtet vart halde på Alnes fyr i Giske i full storm. Før sjølve møtet var Arne Tunheim og Inge Westad engasjerte og kunnskapsrike turleiarar på ei frisk vandring til rullesteinsfjæra i Sandvika. Vel innomhus igjen gav Westad årsmøtet ei innføring i historia til fyret og Tunheim helsa årsmøtet velkomen på vegne av Giske kommune.

Årsmøtet vart sett med 13 røysteføre delegatar. Ålesund og Vestnes hadde fråfall.

Der var ingen saker utanom dei ordinære årsmøtesakene jfr. vedtektene.

Martin Kjøpstad gjekk ut av styret medan Aud Sissel Suoranta kom inn som nytt styremedlem frå Vestnes. Ingen av dei var til stades på årsmøtet.



Tilsette og engasjerte:

Friluftsrådet har i 2015 hatt følgjande fast tilsette:

May Britt Haukås, dagleg leiar i 50 % stilling frå 1.1. til 1.6. og 80% stilling frå 1.6.

Geir Haugli, rådgjevar i 100% stilling, 50% sjukmeldt.

Christer Lundberg Nes, fagleiar aktivitet i 100% stilling

Pål Henry Høyberg, driftsleiar i 100% stilling

I tillegg har friluftsrådet hatt fleire personar engasjerte på timebasis både innan drift, tilrettelegging og aktivitet. Også tilsette i medlemskommunane, frivillige lag og organisasjonar har vore gode medhjelparar gjennom året.

Møte, representasjonsoppgåver mm.

Gjennom heile året er friluftsrådet med på ei rad møter, kurs, konferansar mm. i samband med arbeidet vårt. Dette gjeld både lokalt i medlemskommunane, på fylkesnivå og nasjonalt.

Friluftsrådet er medlem i Friluftsrådernes Landsforbund (FL) og med i Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF).

2015 var Friluftslivets år. Dette vart markert gjennom heile året med ei rad arrangement både i eigen regi og i samarbeid med andre. Dagleg leiar besøkte kommunestyra (i Vestnes formannskapet) i sju av medlemskommunane i løpet av våren og orienterte om arbeidet til

friluftsrådet. Før kommunevalet vart det gjennomført båsamtalar med sentrale politikarar i alle medlemskommunane. I samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, Forum for Natur og Friluftsliv (FNF), Ålesund-Sunnmøre Turistforening og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal arrangerte vi i september ein stor friluftskonferanse på Åndalsnes for heile fylket.



Frå besøket av fylkeskulturkomiteen i Stafsethneset friluftsområde i Ålesund i mai.

I mai inviterte vi Kultur- og folkehelsekomiteen i fylkeskommunen på besøk og omvising i Stafsethneset friluftsområde i Ålesund. Der fekk vi m.a. vist fram den nye badestranda med skjelsand og demonstrert kvifor ein beitepussar er viktig i skjøtselsarbeidet i friluftsområda.

uttaler, innspel, medieomtale, informasjonsarbeid mm.

Uttaler og innspel

Friluftsrådet hadde i 2015 for liten kapasitet til å engasjere seg i plansaker i stor grad. Men rådgjevar har deltatt i arbeidet med registrering og verdsetting av friluftsområde i Giske

kommune. I tillegg har friluftsrådet både åleine og saman med FNF og ÅST uttalt seg i fleire enkeltsaker.

Medieomtale



Første artikkel om Stikk UT! i Sunnmørsposten. I løpet av året vart det mange fleire, både der og i andre media.

I 2015 har Friluftsrådet for Ålesund og omland vore svært synleg i media, både i aviser, radio, nett og TV. Særleg har Stikk UT! ført til stor interesse frå media, men også mange av aktivitetane og driftsarbeidet vårt har blitt omtalt. Vi har fleire gonger vore gjestar i TV- og radiosendingane til NRK Møre og Romsdal, og både dei, Sunnmørsposten, Nytt i Uka og alle lokalavisene har hatt ei rad reportasjar om arbeidet vårt. Vi opplever at aktivitetane til friluftsrådet blir oppfatta som positivt og godt stoff og at redaksjonane gjerne lagar oppslag om det vi jobbar med.

Informasjon

Facebook er ein viktig informasjonskanal i tillegg til andre media. Gjennom året har friluftsrådet jamt og trutt publisert små og store innlegg og fått god uttelling for det. Vi har no nesten 2000 følgjarar. Mange av innlegga blir i tillegg delt vidare slik at dei mest populære når endå fleire tusen lesarar.

I 2015 etablerte friluftsrådet nye nettsider. Dei er ei stor forbetring frå den gamle og ei god hjelp i informasjonsarbeidet. Særleg Stikk UT! fører til mykje besøk på sida, men også utlån frå utstyrsbasen. Med den nye kalenderfunksjonen har utlånet blitt mykje meir oversiktleg og enkelt både for aktivitetseiar og brukarane.



Glimt frå nokre av bålsamtalane i medlemskommunane før valet.

Besøka i kommunestyra i medlemskommunane, bålsamtalane, det omfattande samarbeidet med frivillige og tilsette i kommunane, all medieomtalen, samarbeidet med andre frilufsorganisasjonar og Stikk UT! har gitt gode resultat. Langt fleire enn tidlegare kjenner no til friluftsrådet og kva vi arbeider med.

Kontor, verkstad og lager mm.

Sidan hausten 2011 har friluftsrådet hatt kontor, lager og verkstad på Kongshaugstranda 105 i Vegsundet i Sula kommune. Her leiger vi tre kontor med diverse fellesareal og om lag 300 m² lager og verkstadlokale. Aktivitetsleiar har heimekontor i Volda.

Friluftsrådet leiger to arbeidsbilar. Aktivitetsleiar disponerer den eine og driftsleiar den andre. Frå oktober 2015 leiger vi også ein Irus beitepussar som vi håper å få midlar til å kjøpe i 2016.



Reparasjon av flytebrygge på Stafsethneset i Ålesund.

I 2015 greidde friluftsrådet å finansiere kran til arbeidsbåten, som har fast plass i båthamna til Ålesund Motorbåtforening i Gåseidvika i Ålesund.

2.

Sikring av område for friluftsliv

Friluftsrådet tok opp att arbeidet med sikring av viktige friluftsområde i 2005. Etter ønske frå medlemskommunane er det dei som skal gjennomføre sikringsarbeidet, medan friluftsrådet skal vere pådrivar og medspelar.

I 2015 har sikring av området til tidlegare Prinsen Camping i Ålesund blitt tatt opp fleire gonger. Kva for konkrete område som bør sikrast i kvar enkelt medlemskommune var tema i alle båsamtalane med politikarane før kommunevalet. I tillegg har rådgjevar vore sentral i arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Giske kommune.

3.

Drift og skjøtsel av friluftsområde og tilrettelegging for friluftsliv

I 2015 har friluftsrådet hatt ansvar for drift, skjøtsel og

tilrettelegging i 15 større friluftsområde i medlemskommunane. Av desse eig Staten fire, kommunane eig åtte og tre er i privat eige. Til saman er desse områda på 1434 dekar. På slutten av året var også det meste av det formelle i orden slik at friluftsrådet tok over ansvaret for eit spelemiddelprosjekt på Øyna på Langsætrane (Overøye) i Stordal på 49,5 dekar.

Friluftsrådet har også delansvar for drift, skjøtsel og tilrettelegging i andre statleg sikra friluftsområde som t.d. Tueneset og Parrvika i Ålesund, Murvika i Skodje og Vassetvatnet i Sula.



Før og etter: På nokre timar greier beitepussaren jobben som før tok dagar. Det er avgjerande for skjøtselen i friluftsområda og for å greie å halde det gamle kulturlandskapet ope. Bilda er frå Mauren friluftsområde i Skodje.

I tillegg har friluftsrådet ei rad eigendelar (tilretteleggingstiltak) som flytebrygger, bruer, toalett, informasjonstavler, stiar, skiløyper mm. som vi har heilt eller delvis ansvaret for. Desse ligg i all hovudsak i regionalt viktige friluftsområde.

Friluftsrådet tek ansvar for å søke om midlar til skjøtsel og tilrettelegging i alle dei statleg sikra friluftsområda i medlemskommunane. I 2015 vart det sendt 14 søknader, det same som i 2014. Det vart tilslag på 12 (8 i 2014) med eit samla tilskot på kr. 1 226 000 (765 000 i 2014). Tiltaka i Skråvika i Ålesund vart ikkje ferdig i 2015 fordi kommunen er forsinka med sin del av arbeidet. Dette prosjektet er derfor overført til 2016.




Den nye sandstranda i Gurinesbukta på Vatne i Haram vart ferdig i 2015. No manglar berre badeflåte.....

Døme på gjennomførte tiltak i statleg sikra friluftsområde i 2015:

• Gurinesbukta	sandstrand mm	130 856 kr.
• Stafsethneset	ny skjelsandstrand/ mur	310 744 kr.
• Kråkvika	stiar/molo/benkar mm	1 719 999 kr.
• Mauren	flytebrygge/bru/skoging	196 250 kr.
• Skråvika, Ørskog	rydding strandsona	49 000 kr.

I tillegg er det gjort mykje anna arbeid som:

- Reparasjon av toalett i Kråkvika etter hærverk
- Skogrydding Gurinesbukta
- Start arbeid med bru på Øyna
- Jamt tilsyn, vask og tømning/påfylling av toaletta
- Slått av gras, opprydding av søppel mm



Verdien av arbeidet med drift, skjøtsel og tilrettelegging i 2015, utført av tilsette i friluftsrådet (fast tilsette og engasjerte), er på om lag 2 363 000 kroner. I tillegg kjem arbeid knytt til prosjektering, søknader, rapportering mm.

Friluftsrådet har i tillegg hatt god hjelp frå andre i dette arbeidet, som:

- | | |
|------------------------------------|--|
| * Mauseidvåg og Solevåg Idrettslag | - vask av toalett på Taustua |
| * Stordal Idrettslag, langrenn | - vask av toalett på Overøye i Stordal |
| * Vigra Kristelige Ungdomslag | - vask av toalett på Blimsanden i Giske |
| * Gjersetdalen Villmarksområde BA | - vask av toalett i Gjersetdalen i Haram |
| * Ålesund Rotary Øst | - Dugnad Svinøya |
| * Lions Vegsundet | - Dugnad Stafsethneset |
| * Kråkvika Vel | - Dugnad Kråkvika |
| * Borgund vidaregåande skole | - Bygging av toalett mm. på Svinøya |
| * Vatne Velforening | - Dugnad Gurinesbukta |



Toalettet i Norddal, julepynta toalett på Taustua i Sula og måling av toalettet i Kråkvika i Vestnes.



Oversikt søknader og tilskot 2015
Tilrettelegging og skjøtsel
1. Statleg sikra friluftslivsområde

Område	Tiltak	Søknad til/Tilskot frå	Totalkostnad	Ømsøkt	Tilskot
Mauren	WC	Staten via FK - post 78	31250	15625	15500
Kråkvika	Brygge mm	Staten via FK - post 78	471250	471250	170000
Kråkvika	Turveg, WC mm	Staten via FK - Post 78	272000	222000	220000
Gurlesbukta	Strand	Staten via FK - post 78	186297	110572	110000
Vegsundvågen	Div	Staten via FK - post 78	206250	137500	137500
Vegsundvågen	Ekstrasøknad	Staten via FK - Post 78	118750	118750	118750
Langevågsholmane	Brygge mm	Staten via FK - Post 78	240000	240000	20000
Mauren	Bru og brygge	Staten via FK - Post 78	196250	166250	74250
Skråvika Ørskog	Strandrydding	Staten via FK - Post 78	47000	40000	40000
Skråvika Ålesund	Turveg etc	Staten via FK - Post 78	200000	190000	190000
Stafsethneset	Mur og strand	Staten via FK - Post 78	287000	287000	120000
Stafsethneset	Sponsing strand	Nordbohus Ålesund			10000
Stafsethneset m.fl	Svartelistearter og rydding	Staten via FK - Post 78	150000	150000	0
Båt og slåmaskin	Investering utstyr	Staten via FK - Post 78	570000	570000	0
			1690250	2718947	1226000

Aktivitetsarbeid



Aktivitetsarbeid retta mot skular, barnehagar, barn og unge har vore ei viktig oppgåve for friluftsrådet heilt sidan starten av 1990-talet. Fram til 2008 vart dette arbeidet i hovudsak

utført av innleigde rettleiarar. Fagleiar aktivitet vart tilsett i 50% stilling i 2008, som vart utvida til 100 % i 2010. Dette har ført til at friluftsrådet kan gi eit mykje meir omfattande aktivitetstilbod enn tidlegare.

«Læring i friluft» handlar om å stimulere til meir og betre uteaktivitet i skular og barnehagar. Friluftsrådet deltek aktivt i nettverket av friluftsråd og Friluftsrådernes Landsforbund som arbeider med uteskule/-barnehage.



Taubruene utvikla av fagleiar aktivitet, Christer Lundberg Nes, er alltid ein suksess..

På slutten av 2010 starta friluftsrådet arbeidet med opprettinga av eit «lærande nettverk» for skulane i medlemskommunane. I dag er 25 skular med og dette er mellom dei største nettverka til friluftsråda i landet. Kvart år blir det gjennomført ei to-dagars samling for alle medlemsskulane med ulike tema.

I 2015 er følgjande gjennomført gjennom «Læring i friluft»:

3 kurs for pedagogisk personale i skule og barnehag med totalt 17 deltakarar. I fjor var talet 8 kurs med 154 deltakarar. Det vart færre kurs i 2015 både fordi nokre vart avlyst i siste liten og fordi fagleiar aktivitet hadde hendene fulle med andre gjeremål som ny nettside, nye turkort mm. Etter ønske frå skulenettverket vart det starta arbeid med utvikling av eit nytt undervisningsopplegg med fjøre som tema. Dette skal det jobbast vidare med i 2016.

9 utedagar (elev-/lærarrettleiing) med i alt 608 deltakarar. I 2014 var talet 11 utedagar med i alt 628 deltakarar.

Gratis utlån av utstyr frå utstyrsbasen til friluftsrådet er ein del av «Læring i friluft». Meir funksjonelle nettsider har gjort utlånet enklare å administrere og m.a. gjennom facebook har tilbodet blitt endå betre kjent blant skular, barnehagar, lag og organisasjonar i medlemskommunane. Det har ført til ein stor auke i utlånet i 2015:

38 utlån over 86 dagar med til saman 1671 deltakarar. I 2014 hadde vi 24 utlån. Aller mest populært er det å låne kajakkane, men også lavvoar, kokeutstyr for matlaging ute og anna

utstyr er mykje brukt. Ni skular har lånt lavvoar, 11 skular har lånt kajakkar. To skular har no undervisningsopplegget utvikla i Naturesekken fast i læreplanen for heile klassesteg. 220 elevar fekk glede av det i 2015. Dette året fekk vi også midlar til to nye hengarar til kajakkane og kunne parkere for godt dei gamle som er heilt utslitne.

Arbeidet med «Læring i friluft» er støtta med midlar via Friluftsrådenes Landsforbund og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Prøve på UNG m/friluftsskule



Gjennom «Prøve på UNG» er målet å gi barn og unge tilbod om aktivitet på fritida. Deltakarane får prøve ut ulike friluftaktivitetar og bli betre kjent med kva dei kan finne på i eige nærmiljø. Her har friluftsrådet eit tett samarbeid med lag og organisasjonar, som er dei som driv aktiviteten gjennom året.

I 2015 vart det gjennomført 15 utedagar med 1460 deltakarar. I 2014 var talet 20 utedagar med 484 deltakarar. Mellom tiltaka var tre skredkurs for ungdom i vinterferien på Overøye i Stordal, friluftsskule i sommarferien i Haram, Utemoro i fire ulike friluftsområde og friluftsliv på Åndalsnes i samarbeid med Forum for Natur og friluftsliv (FNF) og fleire andre.

I tillegg låner friluftsrådet ut kajakkar og anna utstyr til lag og foreiningar som arrangerer aktivitetstilbod til barn og unge på fritida.

Arbeidet i «Prøve på UNG» er støtta økonomisk via Friluftsrådenes Landsforbund, Møre og Romsdal fylkeskommune og Miljødirektoratet.

Naturlos med Friluftslivets veke og Ordførarens tur

NATURLOS er eit tiltak for å marknadsføre natur- og kulturvandringar og arrangement i medlemskommunane. I hovudsak er dette vandringar og arrangement i regi av lag og organisasjonar.

I 2015 marknadsførte friluftsrådet 139 natur- og kulturvandringar med ca. 3520 deltakarar i medlemskommunane gjennom to Naturlosaviser som innstikk i Nytt i Uka (vår og haust). I tillegg kjem ei rad andre arrangement som fekk eigne annonser i avisene og omtale på facebook-sida til friluftsrådet. Det same gjeld fleire andre turar og arrangement der friluftsrådet var med som arrangør, t.d. Postvegmarsjen i Ørskog.

Friluftslivets veke vart arrangert i samarbeid med FNF og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal under Dyregoddagane i Batnfjorden i september. Ordførarens tur vart gjennomført i fleire av medlemskommunane også i 2015. Til saman 12 av dei opne turane/arrangementa var ein del av Friluftslivets veke.

NATURLOS er finansiert med midlar via Friluftsrådenes Landsforbund, Møre og Romsdal fylkeskommune, Miljødirektoratet og FNF i Møre og Romsdal.

Friluftsrådet vil rette ei stor takk til alle lag og organisasjonar som står på og lagar til ei mengde arrangement og turar rundt om i kommunane, og som melder dei inn slik at friluftsrådet kan marknadsføre dei.




Frå Postvegmarsjen i Ørskog med styremedlem Terje Atle Osvik som turleiar..

Friluftslivets år 2015




Frå opninga av Friluftslivets år på Aksla i Ålesund, der fylkesmann Lodve Solholm var ein av dei som overnatta ute.



Friluftslivets år opna 13. januar med ei rad arrangement i alle medlemskommunane, der friluftsrådet var pådrivar. Saman med Ålesund-Sunnmøre Turistforening og Ålesund kommune, LHL, Aksla Vel og fleire andre inviterte friluftsrådet til arrangement og overnatting ute både på Aksla og på Tueneset i Ålesund. På Aksla var det over 200 deltakarar og 34 som overnatta. Representantar for friluftsrådet deltok også på arrangement i tre andre av medlemskommunane.



Glimt frå opningsarrangementa i Ørskog, Haram og Skodje.



Friluftsrådet for Alesund og omland

Årsmelding 2015

Gjennom året var det ei rad arrangement både i regi av friluftsrådet og andre med høg deltaking. Bålsamtalane med politikarar i alle medlemskommunane før valet var ein del av dette.

Folkehelse

Det meste av arbeidet til friluftsrådet handlar om folkehelse, anten det gjeld tilrettelegging, aktivitetar eller informasjonsarbeid. Folkehelse er likevel eit eige arbeidsområde, særleg knytt til aktivitetar for personar med spesielle behov. Mellom dei er menneske som ikkje greier å gå langt og bratt, men som likevel vil ha glede av å kome seg ut på tur. Desse er hovudmålgruppa for turkorta friluftsrådet har laga. I løpet av 2015 vart 9 nye turkort ferdige i tillegg til dei 10 som vart laga i 2013 og 2014. Alle 19 turkorta er no samla i permar som også inneheld informasjon om friluftsrådet, allemannsretten, førstehjelp og litt om kvar medlemskommune. Permane er distribuert ut til institusjonar, bibliotek, sørviskontor, venterom osv. saman med lause turkort interesserte kan ta med heim. I tillegg kan turkorta skrivast ut frå heimesida til friluftsrådet.

Frå 2015 har dei to friluftsråda i fylket inngått samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om folkehelsearbeidet. Dette betyr m.a. at friluftsråda formelt er del av folkehelsearbeidet og med i dei fora der dette er tema. Medlemsskapet kan også gi tilgang til midlar som friluftsråda tidlegare ikkje kunne søke på.



«Klart det går»-kurs for personar med ansvar for funksjonshemma og kurs for besteforeldre som vil bli tryggare på uteaktivitetar saman med barnebarn var også to suksessar i 2015 som friluftsrådet vil føre vidare. Det same gjeld kurs i enkelt


friluftsliv for flyktningar og innvandrarak, som vart gjennomfrt saman med flyktingtenesta i rskog og Skodje.

Stikk UT!



Turregistreringskonkurransen Stikk UT! vart innfrt for frste gong i 2015 med til saman 82 turar i medlemskommunane til friluftsrådet. Dette var eit stort konomisk lft med finansiering av materiell som skilt, turbker, turkasser, kartbrosjyren, nettside mm. Kartbrosjyren med informasjon om Stikk UT! vart

distribuert med Nytt i Uka ut til husstandane. Det gjekk rundt konomisk takka vere gva p 100 000 fr Stiftelsen Kjell Holm og private sponsorar (Caverion 40 000, Tafjord 5 000), 100 000 fr Mre og Romsdal fylkeskommune og 36 000 fr FL. I tillegg vart 100 000 av dei 500 000 friluftsrådet fekk til aktivitetstiltak via statsbudsjettet, kapt. 1420, post. 78, brukt p Stikk UT!.





Turkonkurransen vart ein fantastisk suksess med 3247 aktive brukarar i alle aldrar som registrerte til saman 47 641 turar! Heile 22 personar gjekk alle 82 turane. Tilbakemeldingane er eintydig positive og mange melder at dei gler seg til neste sesong og at dei då skal få med fleire. På mange av turmåla er det registrert stor auke i talet på besøkande – i den grad at det gjer utslag på omsetnaden til dei lokale butikkane t.d. på Nordøyane!

Kystleia

Dei to færingane friluftsrådet eig, Leia og Linge, ligg ved Sunnmøre Museum. Dei blir leigde ut i samarbeid med museet og Sunnmøre Kystlag både til private og til lag og foreiningar. I 2015 var dei utleigde i 22 dagar (24 i 2014). I tillegg blir dei brukte av museet i deira aktivitet retta mot skular, familiedagar mm.

Skikompis - skredførebyggjande arbeid

Den høge kompetansen Christer Lundberg Nes (Fagleiar aktivitet) har om snøskred og ferdsel i vinterfjellet er ein viktig del av arbeidet til friluftsrådet. Både gjennom skredførebyggjande kurs og aktivitetstiltak for ungdom (skredkurs), og forelesingar på høgskular og konferansar.

I mars 2013 vart boka Skikompis lansert. Boka er no pensum ved aktuelle liner på Høgskulen i Volda, Høgskulen i Sogn og Fjordane og UiT - Norges Arktiske universitet. Den er også pensum på Dagskurs- og Grunnkurs skred Nordisk, Dagskurs- og Grunnkurs skred Alpint i regi av Norsk Fjellsportforum. I tillegg er boka referanselitteratur i utdanninga til Norske Tindevegledere, på andre aktuelle liner ved høgskular/universitet og vidaregåande kurs i skredutdanninga i Norsk Fjellsportforum.

I samband med Skikompis har friluftsrådet etablert heimesida www.skikompis.no. Det er også utarbeidd informasjonsskilt for bruk i skianlegg og små skikompisfaldarar med enkle tips til sikker ferdsel.

Også i 2015 har friluftsrådet vore ein del av NVE sitt observatørkorps og dermed ein del av eit nasjonalt nettverk for erfaringsdeling og kompetanseheving både internt og eksternt. Gjennom dette er det gjort observasjonar i terrenget gjennom vinteren som så ligg til grunn for NVE sine skredvarsel til dømes på www.varsom.no. Nokre av friluftsrådet sine fagpresentasjonar ligg, som einaste eksterne dokument, til nedlasting på varsom.no.

5.

ØKONOMI - Rekneskap

Rekneskapet for 2015 viser eit overskot på 54 574,75 kr., mot eit overskot i 2014 på 46 247,18 kr. og eit underskot på 395 240,75 kr i 2013.

Inntektssida er på 5 593 079 millionar kroner, mot 4 529 183kr i 2014 og 4 388 696 millionar kroner i 2013. Inntektsauka frå 2014 til 2015 er på over 30%.

Inntektene fordeler seg slik;

Inntekter	2013		2014		2015	
	kroner	%	kroner	%	kroner	%
Medlemskontingent	876 086	19,9	906 846	20,0	1 046 928	18,7
Andre kommunale tilskot	127 000	2,9	0	0	16 500	0,3
Fylkeskommunale tilskot	382 000	8,7	227 000	5,0	309 000	5,5
Administrasjon, fast øymerka	179 000		184 000		184 000	
Prosjekt + andre tilskot	203 000		43 000		125 000	
Statlege tilskot via FK	697 500	15,9	1 005 069	22,2	1 904 000	34,0
Tiltak i statleg sikra friluftsområde	612 500		735 569		1 028 000	
Prosjekt, aktivitet	85 000		269 500		500 000	
Spelemidlar tilrettelegging	0		0		376 000	
Statlege tilskot via FM	0	0	0	0		
Statlege tilskot via FL	1 255 000	28,6	1 270 000	28,0	1 295 000	23,2
Administrasjon	375 000		405 000		415 000	
Prosjekt, aktivitet	880 000		865 000		830 000	
Spelemidlar tilrettelegging					50 000	
Andre statlege tilskot	50 000	1,1				
Deltakar- og kursavgifter	4 791	0,1	29 431	0,6	45 101	0,8
Andre inntekter m/mva.komp	996 319	22,7	1 090 837	24,1	976 550	17,5
SUM	4 388 696		4 529 183		5 593 079	
Finansinntekter - finanskostnader	31 698		24 258		17 328	



Inntektsfordeling i %:	2013	2014	2015
Medlemskommunane	22,8%	20,0%	18,7%
Stat og fylke m/FL	54,3%	55,2%	63,8%
Andre inntekter inkl mva.komp	22,8%	24,7%	17,5%

Tilførte midlar per krone i medlemskontingent	5,00kr	4,99kr	5,34kr
---	--------	--------	--------

Inntektssida er delt opp i to delar. Dei "faste" inntektene er medlemskontingenten, administrasjonstilskot frå Møre og Romsdal Fylke (184.000 kr på kulturbudsjettet) og administrasjonstilskot via Friluftsrådernes Landsforbund (415.000 kr frå Miljøverndepartementet sitt budsjett).

For 2015 utgjør dei faste inntektene 1 645 928kr (29,4%) mot 1 495 846 (33,0%) i 2014, 1 430 086 (32,6%) i 2013 og 1 345 070 kroner (29,5%) i 2012.

Dei resterande inntektene er i all hovudsak prosjektmidlar som ein må søkje om for kvart år. Det er og nokre salsinntekter knytt til boka Skikompis og til Stikk Ut, samt nokre kursinntekter.

Utgiftene fordeler seg slik;

Utgifter	2013		2014		2015	
	Kroner	%	kroner	%	kroner	%
Løn og sosiale kostnader	1 816 933	37,7	2 033 566	45,3	2 136 978	38,5
Administrasjon + reise- og møteutgifter	777 956	16,2	814 330	18,2	787 683	14,2
Drift, skjøtsel og tilrettelegging	980 812	20,4	564 031	12,6	1 419 652	25,6
Aktivitetsprosjekt	829 494	17,2	642 866	14,3	612 498	11,0
Meirverdiavgift	372 302	7,7	378 472	8,4	546 637	9,8
Anna	37 140	0,8	51 803	1,2	52 382	0,9
SUM	4.814.637		4 485 068		5 555 830	
Finansutgifter	998		579		637	

Den store auken på inntektssida til tilrettelegging viser att i den store auken i utgiftene til drift, skjøtsel og tilrettelegging.



Oversikt over friluftsområde - FAO sitt ansvar per 31.12.15

Kommune	Namn	Areal/da	Eigar	Sikringsstatus	Tilrettelegging
Giske	Blimsanden	10	Privat	Regulert	2 Toalett, tilkomstveg, vegbom
Haram	Bjørnøya	200	Privat	Avtale m/grunneigar 10 år	* Kystfort, turveg og stiar, informasjon, kvilebenkar etc
	Gurinesbukta	5,4	Kommunen	Statleg sikra	Parkeringsplass, veg, flytebryggje for funksjonshemma, badestrand
Skodje	Mauren	315,5	Staten	Statleg sikra	Turveg, tursti, 2 p- plasser, servicebygg med toalett
	Håjem	80	Kommunen	Kommunal eigedom – regulert	Tursti , P-plass, vegbom, toalett
Sula	Langevågsholmane	114,3	Staten	Statleg sikra	Turstiar, 2 brygger, kai, informasjon, toalett
	Eikrem	6,1	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, garasje, toalett
Vestnes	Kråkvika	101,6	Staten	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg, turstiar, servicebygg med toalett, gapahuk og bålplassar, 2 stk vegbommar
	Leirvågen	165	Kommunen	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg m/bru, parkeringsplass
Ørskog	Skråvika	10	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, turveg, toalett, vegbom, badestrand
Ålesund	Svinøya	227,4	Staten	Statleg sikra	Toalett, servicebygg med toalett, turstiar, natur- og kultursti, 2 gjestebryggjer, grillplass, kystleihytte
	Vikholmen	90	Kommunen	Kommunalt sikra	Kai, turstiar, toalett
	Hunsvær	80	Kommunen	Kommunalt sikra	Gjestebyggje
	Stafsethneset	28,2	Kommunen	Statleg sikra	Turstiar, hageanlegg, parkeringsplass, bryggjer, toalett, vegbom, bålplass etc
Stordal	Øyna	49,5	Privat		
		1423,5 da			

I tillegg har Friluftsrådet heilt eller delvis ansvaret for desse "områda";

- Parrvika friluftsområde i Ålesund kommune
- Tueneset friluftsområde i Ålesund kommune
- Spjelkavikelva friluftsområde i Ålesund kommune

- Murvika friluftsområde i Skodje kommune
- Vassetvatnet friluftsområde i Sula kommune
- Sti til Hamnsundhelleren i Haram kommune
- Sti mellom Alnes og Gjuv i Giske kommune
- Sti mellom Sandvika og Nøringset i Sula kommune
- Parkeringsplass ved Eikenosa i Ålesund kommune
- Parkeringsplass ved Storsætra i Skodje kommune
- Skiløyper rundt Mevatn og Svartløken i kommunane Skodje, Vestnes og Ørskog
- Sti til Skjonghellaren i Giske kommune
- Den Trondhjemske Postveg gjennom kommunane Vestnes og Ørskog



Murvika i Skodje.

Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane

I alt er det 29 statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane til friluftsrådet. To av dei, Giske og Norddal, har ingen statleg sikra friluftsområde.

Friluftsrådet har eit heilskapleg driftsansvar for 9 av dei statleg sikra områda og delansvar for tiltak (toalett) i fleire av dei andre.

Friluftsrådet søker på vegne av rådet og kommunane skjøtsel- og tilretteleggingsmidlar til alle dei statleg sikra friluftsområda.



FRILUFTSRÅDET SINE EIGEDELAR per 31.12.15

Gjenstandar	Kommune	Lokalisert	Forsikringsverdi	Sum
Gjestebrygger og kaiar	Giske	Godøya	150.000	
		Ytterland	150.000	
	Haram	Austnes	150.000	
		Søvik	150.000	
	Skodje	Dampskipskaia	150.000	
		Mauren	150.000	
	Stordal	Dyrkorn	150.000	
	Sula	Storholmen	250.000	
		Storholmen	150.000	
		Brennholmen	?	Kal
	Ålesund	Svinøya	250.000	
		Svinøya	250.000	
		Hunsvær	150.000	
		Sunnmøre Museum	150.000	
		Svinøya	?	Kal
		Vikholmen	?	Kal
		Stafsethneset	150.000	2.400.000
Bruer	Stordal	Store Ådalselva	100.000	
	Stordal	Elvabyte	100.000	
	Ørskog	Fosslibrua (Måslia)	200.000	
		Postvegen over Tverrelva		
	Skodje	Mevatnet	200.000	
	Vestnes	Kråkvikta 3, Lefvågen 1	200.000	800.000
Toalett	Giske	Blimsanden 2stk	300.000	
	Haram	Gurinesbukta	200.000	
	Haram	Gjersetvatnet	200.000	
	Sula	Taustua	100.000	
	Sula	Eikrem	100.000	
	Sula	Storholmen	100.000	
	Sula	Vassetvatnet	200.000	
	Skodje	Murvikta	200.000	
	Skodje	Håjem	100.000	
	Stordal	Overøye	100.000	



	Ålesund	Svinøya	100.000	
	Ålesund	Vikholmen	100.000	
	Ålesund	Parrvika	200.000	
	Ålesund	Tueneset	200.000	
	Ålesund	Lillevatnet	250.000	
	Ålesund	Sandingane	250.000	
	Ålesund	Stafsethneset	250.000	
	Ålesund	Voldsdalsberga	500.000	2 bygg
	Ørskog	Skråvika, Brauta, Vaksvikfjellet	300.000	
	Norddal	Norddalsstranda	100.000	
	Stordal	1 stk midlertidig	200.000	4.050.000
Toalett/reiskapsbu	Skodje	Maunen	160.000	
	Vestnes	Kråkvika	160.000	
	Ålesund	Svinøya	160.000	480.000
Reiskapshus	Sula	Eikrem	200.000	200.000
Gapahuk	Vestnes, Sula	Kråkvika, Lervågen	200.000	200.000
Bålplass	Vestnes, Ålesund	Kråkvika (2 stk) Stafsethneset, Svinøya	60.000	60.000
Informasjonstavler	Sula	Eltrane	60.000	
	Sula	Sandvika	60.000	
	Giske	Godøya (3stk)	100.000	
	Ålesund	Stafsethneset	60.000	300.000
Bade-/Fiskebrygge	Vestnes	Kråkvika	200.000	200.000
Handreiskap og verkty			50.000	50.000
Tilhengarar og båthengar			50.000	50.000
Minitraktorar og slåmaskinar			150.000	150.000
Båt med motor			450.000	450.000
Div aktivitetsutstyr			300.000	300.000
Diverse kontorutstyr			70.000	70.000
TOTALT				9 760 000



Vedtekter

(Gjeldande frå årsmøte 18-04-2012)

§1 - MEDLEMMER

FRILUFTRÅDET for Ålesund og Omland er eit interkommunalt samarbeidsorgan etter §27 i Kommunelova mellom kommunane Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Sula, Vestnes, Ørskog og Ålesund.

Nye deltakarkommunar skal verte godkjend av årsmøte og alle medlemskommunane.

§2 - FØREMÅL

FRILUFTRÅDET si oppgåve er i samarbeid med medlemskommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for:

- a) Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ymse slag til almen bruk.
- b) Å skape større forståing for nytten av friluftsliv.
- c) Å betre friluftskulturen.
- d) Å stimulere til friluftsliv for alle.
- e) Å leggje tilhøva til rette for fysisk aktivitet for born og unge
- f) Utarbeide samordna prioriterte planar som skal ligge til grunn for rådet sitt arbeid.
- g) Vere ein pådrivar overfor medlemskommunane i friluftslivssaker og kunne vere høyringsinstans i prinsipielle friluftssaker.

§3 - ORGANISASJON

Årsmøtet, styret og arbeidsutvalet er FRILUFTRÅDET sine faste organ.

Styret og administrasjonen står for den dagleg drifta av FRILUFTRÅDET

§4 - ØKONOMI

Deltakarkommunane skal betale tilskot til rådets verksemd. Årsmøte fastset eit årleg pr. capita tilskot basert på folketal frå Statistisk Sentralbyrå frå føregåande år.

Budsjettframlegg som inneber meir en 2% reell auke i tilskot frå medlemskommunane krev 2/3 fleirtal på årsmøte.

Framlegg til arbeidsprogram og budsjett for neste år sendast medlemma til orientering.

Rådet kan ikkje ta opp lån eller pantsette eigedom utan at dette er godkjend av medlemskommunane på førehand



§5 - ÅRSMØTET

Årsmøtet er FRILUFTSRÅDET si høgste styresmakt. Ordinært årsmøte vert halde kvart år innan utgangen av mars månad.

Kvar av medlemskommune har høve til å sende 2 representantar med røyserett til årsmøtet, gjerne ein av kvart kjønn.

Kommunane skal velje dei 2 representantane med vararepresentantar for heile kommunevalperioden. Styret sine medlemmer møter med røyserett på årsmøtet.

På årsmøtet kan følgjande møte med røyserett.

- 2 representantar frå kvar av medlemskommunane
- Medlemmane av styret

Årsmøtet er også ope for andre interesserte.

Årsmøtet avgjer i kvart einskild høve om andre framømte skal ha talerett i ei eller fleire saker på årsmøtet.

Årsmøtet er vedtaksført når det etter vedtektene er lovlegg innkalla og kunngjort.


Årsmøtet vert innkalla etter vedtak i styret og med minst 4 vekers skriftleg varsel.

Ordinært årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling og sakliste
2. Velje ordstyrar og sekretær
3. Handsame styret si årsmelding
4. Godkjenne den framlagde rekneskapen med revisjonsmelding
5. Fastsetje neste års kontingent auke av medlemskontingent utover indeksregulering må godkjennast av alle medlemskommunane, eventuelt i etterkant.
6. Handsame innkomne framlegg
7. Handsame framlegg til neste års budsjett
8. Velje:
 - a) styre med vararepresentant (1 styremedlem + 1 personleg vararepresentant frå kvar medlemskommune)
Kvar kommune stiller med ein representant / vararepresentant av kvart kjønn.
 - b) leiar og nestleiar i styret, blant medlemmene i det alt valde styret
 - c) Revisor
 - d) valnemnd på 3 medlemmer og 1 varamedlem
 - e) To personar til å godkjenne møteprotokollen frå årsmøte

Revisorane og medlemmene av valnemnda vert valde for eitt år.

Medlemmene av styret har ei funksjonstid på to år, maksimalt i samanhengande 8 år. Årsmøtet bør sjå til at det er minst 40% av kvart kjønn i styret. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmene vere på val kvart år.



Årsmelding 2015

Vararepresentantane til styret vert vald for same tidsperiode som tilsvarende styremedlem.

Alle val skal vere skriftlege dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg.

Når kandidatar skal veljast enkeltvis og ingen av kandidatane oppnår fleirtal, dvs. minst halvparten av dei avgjevne røystene skal det gjennomførast omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Er det etter dette omvalet like mange røyster på kvar kandidat, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

Alle vedtak på årsmøte vert avgjort med vanleg fleirtal utanom dei sakene som etter vedtektene krev kvalifisert fleirtal.

Ved stemmelikskap i saker der avgjersla vert gjort med vanleg fleirtal vert desse avgjort ved leiar, sekundært stedfortreder for leiar, si dobbeltstemme

§6 - EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan innkallast med minst 2 vekers skriftleg varsel etter vedtak i styret, eller når minst halvparten av medlemskommunane krev dette skriftleg.

Saklista skal leggst ved innkallinga.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga.

§7 - STYRET

Styret er samansett av ein medlem frå kvar av medlemskommunane.

Styret har leiingsansvaret for FRILUFTRÅDET mellom årsmøta.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades. Alle vedtak i styret vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom det vert like mange røyster for og imot, vert røystemåten til leiaren avgjerande.

Styret vert leia av leiaren og når han ikkje er til stades av nestleiaren.

Det er leiaren som avgjer når styret skal møtast. Styret kan også innkallast når eit fleirtal av styremedlemmene ønskjer det.

Innan styret kan det veljast eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn styret på førehand gjeve fullmakt til.

Styret sine arbeidsoppgåver er m.a.:

1. Å fremje FRILUFTRÅDET sine oppgåver i samsvar med vedtekter og årsmøtevedtak.
2. Å leie FRILUFTRÅDET si vanlege drift og ha ansvar for økonomistyring i samsvar med utarbeidd budsjett.
3. Å tilsetje medarbeidarar.
4. Å kunne gi fullmakter (økonomisk og juridisk).
5. Å ha ansvar for at det vert ført rekneskap og at det vert ført protokoll over alle møter og forhandlingar.

6. Å sende referat frå årsmøtet til alle medlemmer i FRILUFTRÅDET, til fylkesfriluftsnemnda og til Friluftsrådenes landsforbund.

7. Å førebu årsmøtesaker med framlegg til vedtak om arbeidsprogram, budsjett og kontingent.

§8 - VEDTEKSENDRINGAR

Endringar av vedtektene må gjerast på årsmøte og krev minst 2/3(to tredjedels) fleirtal.

§9 - UTMELDING

Ein medlem kan melde seg ut av FRILUFTRÅDET når han ønskjer det, etter lovleg fatta vedtak i kommunen.

Sams for alle som vil melde seg ut av FRILUFTRÅDET er at medlemskontingenten må vere betalt for det året utmeldingsvedtaket vert gjort, før utmeldinga kan verte gyldig.

§10 - OPPLØYSING

Oppløysing av FRILUFTRÅDET kan berre vedtakast på eit ordinært årsmøte og med minst 2/3 fleirtal.

Framlegg om oppløysing må vere oppført på saklista som medlemmene må ha fått tilsend minst 14 dagar før møtet.

Vert oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare med oppløysing på saklista.

Dersom FRILUFTRÅDET vert oppløyst, skal alle omsettelege aktiva seljast og saman med andre kontante midlar delast mellom medlemskommunane i høve til kontingenten frå den einskilde kommune.